

MASFJORDEN HØGRE

Oversendingsforslag til Rådmannen.

MASFJORDEN SKAL BLI EIN MEIR ATTRAKTIV KOMMUNE Å FLYTTE TIL!

Masfjorden kommune har innført eit bustadfond på kr. 4 mill i 2018 (6,6 mill per okt 2021) etter framlegg frå Høgre.

No ynskjer Høgre si kommunestyregruppe å løfte fondet dramatisk i løpet av ein 4 års plan. Fleire byggefelt som Ytre Haugsdal, Skjelsundet, Hosteland, Sandnes og Matre er meir eller mindre fullt utbygd. Kommunen har vedtatt å starte opp reguleringsarbeid med Hosteland Vest bustadfelt vest for tunnelen og vil i Formannskapet 18. oktober starte opp reguleringsplan for Botnaneset på Sandnes. Vidare har kommunen ferdigregulert bustadfelt både i Ytre Haugsdal, Risnes/Grunnevågen, Duesundøy, Einestrond, Haugsvær, Kvamme og Liarinden på Mjanger. I tillegg har vi fleire områder i kategorien LNF-kan, der avgrensa spredd bustadbygging raskt kan startast opp.

Det er desse bustadfelta Høgre no ynskjer ei framdrift rundt opparbeiding og byggestart for.

I Formannskapet 18. oktober foreslår Høgre følgjande:

Kjøp av 7 bustadtomtar i Risnes/Grunnevågen forutsatt utbyggjar ferdigstiller infrastruktur med veg, vann, straum og fiber i 2022. Tomtane er solrike, sjønære og med kort veg til både Sløvåg og Hosteland.

Yte tilskot på kr. 2 mill til utbygging av 3 stk. 4-mannsbustader sentralt på Haugsvær med panorama utsikt ved Haugsværtunet.

Starte opp reguleringsplan for Botnaneset med arkitektkonkurranse for ei god arealutnytting og ivaretaking av kulturhistorie, ikkje minst ved prestegarden i Masfjorden. Tomtane er vestvendte med utsikt over Sandnesosen og Fensfjorden.

Vidare ber Høgregruppa rådmannen lage eit framlegg til å auke bustadfondet til minst 20 mill. kr. over dei 4 neste åra. Dermed får kommunen handlingsrom for å yte støtte til utbygging av fleire ferdigregulerte felt som t.d. Ytre Haugsdal, Kvamme, Einestrond og Liarinden på Mjanger. Høgre ynskjer og at det vert starta opp att reguleringsarbeid for bustadtomtar og velferdstilbud m.m. på Matre. Matre har nyleg fått ferdigregulert næringsareal og ein treng då også bustadtilbud i nærliken.

Tomtane i Indrefjorden og Sørsida bør være svært attraktive for familiar der den eine eller begge har arbeid på strekninga Ostereidet – Bergen. Tomtane i Nordbygda er sentrale både vestover, nordover og sørover. Her er det kort veg både til Sløvågområdet og Mongstad, men også for dei som vil ha arbeidsplassen sin langs Sognefjorden der det også skjer mykje spanande næringsutvikling. Eit samla kommunestyre har jobba for å få på plass Masfjordbrua som allereie er tildela minst kr. 1 mrd i ferjeavløysingsmidlar. Med den på plass vil det ikkje sei så mykje om ein bur på nordsida eller sørsida av fjorden.

Høgre lovar at satsinga på bustadtomtar ikkje skal gå ut over andre kommunale oppgaver. Tvert imot vil ein vekst i bustadetableringa styrke både helse- og oppvekstsektoren m.a.

For Høgre si kommunestyregruppe,

Karstein Totland

Erlend Kvamsdal

